



## Rekneskapsrapport pr. februar 2021

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
21/2124

JournalpostID:  
21/14856

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato:</b>
47/2021	Bjørnafjorden formannskap	22.04.2021

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr februar 2021 til orientering.

Bjørnafjorden, den 16.03.2021

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:**

**BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 22.04.2021:**

**Behandling:**

Økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas svara på spørsmål frå representantane. Det gjorde også kommunalsjef Monica Totland Melvold og kommunedirektør Christian Fotland. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samråystes vedtatt.

**Vedtak:**

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr februar 2021 til orientering.

**Samandrag av saka:**

Kommuneøkonomien er i starten av året prega av pandemien og innsparingskrava vedr prosjekt B22. Sektorane opplever at det er trongare tider enn før med mindre handlingsrom, og det er varsel om meirutgifter i nokre sektorar. Sviktande skatteinngang og mogleg renteauke bidrar til ytterlegare usikkerheit

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomiske situasjon.

Klima:

Saka har ikkje direkte konsekvensar for klimaet.

Folkehelse:

Saka har ikkje direkte konsekvensar for folkehelsa.

**Saksframlegg:**

Samlerapport drift 2021 - Februar						
Sektor	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbruk %	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Forbruk %
Frie inntekter	(181 381 233)	(1 140 137 000)	16 %	(165 930 971)	(1 150 810 000)	14 %
Finans	18 036 104	108 752 747	17 %	12 104 850	129 669 749	9 %
Fellesområde	10 173 217	41 339 740	25 %	11 943 781	52 322 820	23 %
Stab	20 025 776	88 977 450	23 %	19 659 642	76 900 848	26 %
Oppvekst	135 477 597	680 208 381	20 %	141 225 315	660 981 181	21 %
Helse og Velferd	116 568 972	82 543 168	141 %	(11 110 880)	99 725 128	-11 %
Samfunnsutvikling	9 259 396	138 315 514	7 %	8 788 545	131 210 274	7 %
<b>Sum</b>	<b>128 159 829</b>	-		<b>16 680 282</b>	-	

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

## Frie inntekter

Prognose: Frie inntekter kan få mindre-inntekt i 2021 som følge av lave skatteinntekter.

- Rammetilskot

Sak om endelig fastsetting av kommunen sitt rammetilskot for 2021 etter vedtak i Stortinget om statsbudsjettet er meldt til kommunestyret 25.03.2021.

- Skatteinntekter

Skatteinntektene i Bjørnafjorden kommune har hatt ei laber utvikling så langt i år, med ein nedgang på 1% i forhold til 2020. For kommunane samla var det ein positiv vekst på 1%. Lav skatteinngang vil medføre auka skatteutjamningsmidlar. Skatteinngangen i 2021 vil vere påverka av den pågående pandemien. Kommunen fekk i statsbudsjettet for 2021 midlar til handtering av pandemien, herunder kompensasjon for ev sviktande skatteinngang. Deler av desse midlane er sett av på fond.

- Andre generelle driftsinntekter

Det er i 2021 budsjettet med 10 mill. kr i Havbruksmidlar, 19,6 mill. kr i integreringstilskot flyktningar og 2,5 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken. Det er førebels ikkje bokført noko på desse postane enno.

## Finans

Prognose: Finans ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Det er teikn i marknaden til at rentenivået vil auke framover. Dette vil i tilfelle kunne medføre at renteutgiftene blir høgare enn budsjettet. Det er imidlertid for tidleg å varsle meirforbruk enno, men vi vil følgje utviklinga vidare ut over året.

Det er ikkje budsjettet med inntekter/avkastning frå den langsiktige finansportefølja, då dette er ei usikker inntekt. Pr. februar 2021 har den langsiktige finansportefølja ei avkastning på kr 1.395.000.

## Fellesområde

Prognose: Fellesområde ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon. Pr februar ser rekneskapstala greie ut i forhold til budsjett.

KLP har varsla at det blir ein ei ekstraordinær tilbakeføring til premiefondet i 2021. Beløpet vil vere betydeleg. Årsaka er at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar er redusert som følge av endringar i reglane for offentleg tenestepensjon frå 2020. Midlane kan berre brukast til å betale framtidige pensjonspremiar/faktura frå KLP.

Det gjenstår pr februar innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 500.000 (vedr redusert politisk møteverksemd) og kr 1.675.000 vedr Fellesutgifter som er under arbeid.

## Stab

Prognose: Stab ser førebels ut til å få eit meirforbruk på ca. 5 mill. kr i 2021.

Den store utfordringa for Stab ut over innsparingskrava i B22 er knytt til IT. Mesteparten av kommunen sine utgifter til datakommunikasjon, linjeleige, datautstyr og programvare blir ført på Stab. Etter kommunesamanslåinga er dobbeltavtaler sagt opp og programvare-lisensar som ikkje er i bruk fasa ut. Verktøy for overvakning av infrastruktur er skifta, noko som har gitt store innsparingar. Skjerpa krav til sikring av kommunen sine data, oppgradering av programvare, fiber til nye bygg og prisauke er døme på forhold som drar i motsett retning. Vi varslar allereie om eit sannsynleg meirforbruk på ca. 5 mill. kr for 2021.

Det gjenstår pr februar innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 3.490.000 som er under arbeid.

## **Oppvekst**

Prognose: Oppvekst ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Nokre skular har framleis ein del utfordringar kring organisering og fråvær grunna pandemien, men dei fleste skulane ser ut til å klare å drifta i balanse i år. Dei kommunale barnehagane drifter innafor budsjett og tilskot til private barnehagar ser og ut til å ligge innafor budsjettet beløp. Utfordringa på barnehageområdet er framleis tilretteleggingstiltak for barn med nedsatt funksjonsevne( §37 i barnehagelova), der størsteparten av budsjettet er brukt våren 2021. Støttetenestene si drift er i rute hittil i år.

Det gjenstår pr februar innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 4.957.000 som er under arbeid.

## **Helse og velferd**

Prognose: Helse og velferd ser førebels ut til å få ein meirutgift på ca. 5 mill. kr i 2021.

Den økonomiske stoda innan Helse og Velferd er fortsatt sterkt prega av kostnader knytt til Covid-19. Pr. februar er 4,3 millionar merka som Covid-19 relaterte kostnader. Kr 1,6 mill. av dette er knytt til meirkostnader vedr legevakt og coronalegevakt medan 2,6 mill. kr er knytt til meirutgifter innan pleie og omsorg, og då spesielt dei to bu- og behandlingssentera. Om desse tiltaka varer ut året, vil meirkostnaden kunne bli over 23 millionar kroner. Vi legg til grunn at meirutgiftene innan pleie- og omsorg vil kunne dekkast av SIO relaterte inntekter (vedtakstilskot eller bruk av fond), men SIO vil ikkje dekke utgifter innan legevakt.

På grunn av mangel på lege i Eikelandsosen har ein måtta leige inn vikarlegar. Dette er ei kostbar løysing, som potensielt kan gi fleire millionar i meirforbruk om ein ikkje finner ei meir permanent løysing.

Det gjenstår pr februar innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 2.290.000 som er under arbeid.

## **Samfunnsutvikling**

Prognose: Samfunnsutvikling ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Vintervedlikehaldet er ei utfordring i 2021, budsjettet er allereie brukt opp. Det er førebels kome inn litt lite inntekter vedr byggesak og kart/oppmåling, men reduserte utgifter vil kanskje vege opp for dette.

Det gjenstår pr februar innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 1.945.000 som er under arbeid.

Bjørnafjorden, den 16.03.2021  
Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*